



**ASKVOLL KOMMUNE**  
**KULTUR OG NÆRINGSKONTORET**

Landbruks- og matdepartement  
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

<b>Landbruks- og matdep.</b>	
Saksnr.: 2005/0130	Doknr.: 11
Mottatt: 26 SEPT 2005 ASB/jw	
Saksbeh.: 127	Ark.: 41
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.  
GEG 05/775-3 05/5489

Dykkar ref.

Arkiv  
K2-V60, K3-&13

Dato:  
23.09.2005

**MELDING OM VEDTAK - FORSLAG TIL ENDRINGAR I JORDLOVA**

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

**16.09.2005 KULTUR OG NÆRINGSUTVALET**

**KNU-077/05 VEDTAK:**

Under forutsetning av at utfordringane som distriktsnorge står overfor vert ivaretekne gjennom endringane i jordlova, sluttar Askvoll kommune seg til forslaga i høyringsframlegget.

Med helsing

  
Velau Helle Eikemo

Utskrift av møteboka til kultur- og næringsutvalet, sak 077/05 følger vedlagt.



<b>SAKSOANG</b>			
<b>Styre, utval, m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Saksbeh</b>
Kultur og næringsutvalet	16.09.2005	077/05	GEG

Saksbeh  
Geir Grytøyra

Arkivsaknr  
2005000775

Arkiv  
K2-V60, K3-  
&13

## **HØYRINGSFRAMLEGG - FORSLAG TIL ENDRINGAR I JORDLOVA**

### **JORDBRUKSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Under forutsetning av at utfordringane som distriktsnorge står overfor vert ivaretekne gjennom endringane i jordlova, sluttar Askvoll kommune seg til forslaga i høyringsframlegget.

### **16.09.2005 KULTUR OG NÆRINGSUTVALET**

#### **Røysting:**

Jordbrukssjefen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KNU-077/05 VEDTAK:**

Under forutsetning av at utfordringane som distriktsnorge står overfor vert ivaretekne gjennom endringane i jordlova, sluttar Askvoll kommune seg til forslaga i høyringsframlegget.

### **SAKSDOKUMENT:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	30.06.2005	Landbruks- og matdepartementet	HØRINGSBREV - FORSLAG TIL DIVERSE ENDRINGAR I JORDLOVA

### **Saksutgreiing:**

Viser til høyringsbrev datert 30.06.05.

I h yringsframlegget er det forslag til :

- Oppheving av delingsforbodet etter jordlova § 12, del I
- Oppheving av f resegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og f resegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II
- Tilskotsordning, jordlova § 18, del III
- Oppheving av nokre uaktuelle lover, del IV.

Av dei fire h yringsframlegga er det opphevingsframlegget av jordlova § 12 som i dag har praktisk betydning for kommunane si arealforvaltning.

Slik den  konomiske landbrukspolitikken har utvikla seg, har det den siste 10-15- rsperioden vore mindre politisk vilje til   sikre eit rimeleg  konomisk utbytte ved drift av landbrukseigedomar, og s rleg har drifta av mindre landbrukseigedomar vore l gt prioriterte i den  konomiske landbrukspolitikken.

Denne utviklinga har medf rt at f rre personar hentar inntektene sine fr  landbruksdrift. I ein slik situasjon er det rimeleg at delingsforbodet vert praktisert liberalt, og at den enkelte grunneigar/innbyggjar f r st rre personleg friheit til   velje korleis blant anna bustadtomter, og n ringsverksemd knytt til landbruksomr da skal forvaltast og organiserast.

I ein tidsperiode med tilbakegong av folketalet og busetnad i distrikta, vil ei liberalisering av delingsforbodet kunne fremje st rre variasjon i bruks- og busetnadsstrukturane, noko som distriktsNorge vil vere godt tjent med .

Samstundes m  landbrukseigedomar og jordbruksareal som vert rekna som  konomisk drivverdige og som gjev eit rimeleg  konomisk utbytte, vere sikra gjennom lovverket slik at drifta ikkje vert vanskeleggjort gjennom uheldige oppdelingar av eigedomane.

Vidare m  jordbruksareal forvaltast i eit langsiktig tidsperspektiv og med tanke p  at det skal komme seinare generasjonar til nytte.

Slik lovverket er i dag, er det fult mogeleg   ivareta dagens utfordringar og jordbruks- og samfunnsinteressene gjennom eksisterande lovverk.

Men det er ein klar trong for   presisere (for byr krati- og politiske organ b de p  lokal- og fylkesplan) at praktiseringa av delingsforbodet m  tilpassast dei utfordringane som bygdenorge i dag st r overfor.

Om det er mest rasjonelt   oppretthalde dagens delingsparagraf eller at forvaltninga av landbrukseigedomar skjer som ein kombinasjon med heimlar i jordlova og plan- og bygningslova, vil meir vere av lovteknisk art.